



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
14.04.2015
Dykkar dato
09.04.2015

Vår referanse
2014/13353 461.3
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Oppfølging av massetipp i Meland kommune

Vi viser til brev mottatt 9. april 2015 om oppfølging av mogeleg dumping av ureine massar på massetipp i Meland.

Det er den ansvarlege si plikt å sørgje for at det ikkje blir tatt i mot forureina massar. Alle massetippar bør gjennomføre jamleg stikkprøvekontroll av både massar og vassdrag for å dokumentere at tippet ikkje fører til forureining. Analyseresultata må vurderast av kompetent personell.

Dersom det er mistanke om ulovleg disponering av massar eller avfall, kan kommunen påleggje at det blir gjort undersøkingar for å dokumentere innhald av forureining i massane/avfallet, og om det har ført til forureining, jf. forureiningslova § 7.

Grunneigar vurderer å ta stikkprøver for å få stadfesta at det ikkje er tatt i mot forureina massar. Fylkesmannen er positiv til dette, og rår til at prøveresultata med kvalifisert vurdering blir sendt til Meland kommune.

Det er Meland kommune som må vurdere om det er tilstrekkeleg dokumentert at massane er reine, eller om ein vil gje pålegg om undersøkingar.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.